

# NORDISKE STUDIER I LEKSIKOGRAFI

Titel: Noreg og Nederland – eit tett samband i to hundre år  
Forfatter: Martin Skjekkeland  
Kilde: Nordiska Studier i Lexikografi 9, 2008, s. 399-409  
Rapport fra Konference om leksikografi i Norden, Akureyri 22.-26. maj 2007  
URL: <http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/nsil/issue/archive>

Nordiske Studier  
i Leksikografi 9  
Rapport fra konference om  
leksikografi i Norden  
Akureyri 22.- 26. maj 2007

Redigeret af  
Ásta Svavarsdóttir  
Göðrún Kveran  
Guðný Ægíslóð Guðný Ægíslóð  
Jón Hilmar Jónasson

Støttet udgiver af Nordisk Förening för Leksikografi  
www.nfl.se

© Nordisk forening for leksikografi

## Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsrettsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

## Søgbarhed

Artiklerne i de ældre Nordiske studier i leksikografi (1-5) er skannet og OCR-behandlet. OCR står for ’optical character recognition’ og kan ved tegngenkendelse konvertere et billede til tekst. Dermed kan man søge i teksten. Imidlertid kan der opstå fejl i tegngenkendelsen, og når man søger på fx navne, skal man være forberedt på at søgningen ikke er 100 % pålidelig.

## Noreg og Nederland – eit tett samband i to hundre år

Det norske språket har tatt imot svært mange ord og ordlagingselement frå nedertysk. Låna kom inn som eit resultat av den kontakten som var mellom dei tyske hansakjøpmennene og nordmenn i byar sør og vest i Noreg. Midt på 1500-talet tek hollendarane, frisarane, engelskmennene og skottane over som handelspartnarar på sørvestkysten av Noreg. Også i denne perioden, fram til slutten av 1700-talet, kom det inn mange ord og uttrykk i det norske språket, og då særleg frå hollandsk. I artikkelen ser eg nærmare på den kulturelle og språklege påverknaden frå hollandsk på talemålet i Agder-fylka og i Noreg generelt.

### 1 Innleiing

Me kjenner alle det sterke handelssambandet som eksisterte mellom dei nordtyske hansabyane og byar i Skandinavia frå midt på 1300-talet og framover. Norsk (og skandinavisk) tok etter kvart opp mykje språkstoff frå nedertysk. Det er særleg i *ordforrådet* me ser den nedertyske påverknaden på dei skandinaviske språka. Store mengder nedertyske lånord finst både i skriftspråket og i dialektane. Eg nemner ord som *arbeid, å bli, bukse, bukt, fin, flink, frukt, frykt, gå, mektig, nytte, håpa, klokke, koka, lukt, måte, plaga, prata, snakka, skrika, skriva osb.* I tillegg til ord av dette slaget tok me mot mange ordlagingselement (affiks) frå nedertysk. Døme på ord med prefiks er: angrep, anlegg, bedageleg, bedrag, bedømma, befala, erstatning, erfaring osb., og med suffiks: fruktbar, låsbar; betingelse, besvarelse, elendighet, sikkerhet osb.

Ikkje noko anna språk har påverka norsk språk så mykje som nedertysk og hollandsk. Gustav Indrebø rekna i 1932 med at 30 % av orda våre kom frå nedertysk og hollandsk (Indrebø 1932:32, etter Sandøy 2000:28). Ord frå latin og gresk utgjer nok ei større mengd av ordmassen i norsk. Men dei latinske og greske orda er mindre brukte i daglegtalen. Dei nedertyske orda er i høgare grad kvardagsord i språket. Det kan elles ofte vera vanskeleg å avgjera om eit ord kjem frå nedertysk eller frå hollandsk. Grunnen er at desse språka var så like. Nederlendarane kalla sjølv sitt språk på denne tida for *nederduits* (Torp 1998:11). Torp har elles understreka det nære sambandet som finst mellom nederlandsk og nedertysk:

Grensa mellom tysk og nederlandsk er på tilsvarende måte et produkt av politiske og historiske tilfeldigheter, og ikke av virkelige språkgrenser i det folkelige talemålet. Reint språkleg er det f.eks. mindre skilnad mellom

dialekten i Nederland og Nord-Tyskland enn mellom dialekten nord og sør i Tyskland (Torp 1998:11).

### *1.1 Er den nedertyske påverknaden like stor i alle delar av Noreg?*

Det er nok visse skilnader på dialektane i opptaket av ord frå nedertysk. I eit arbeid frå 1999 har eg granska bruken av nedertyske ord i Kvinesdal og jamført dette med tilhøva i innlandsbygda Bø i Telemark. Granskinga viste at fleire av dei nedertyske lånorda (“anbehetelse-orda”) synest å utgjera ein større og viktigare del av det allmenne ordtilfanget i Kvinesdal enn i Midtre Telemark (jf. Skjekkeland 1999: 76–80).

Dette resultatet må seiast å vera i samsvar med det münsteret me er kjende med frå den språkhistoriske litteraturen, jf. t.d. Indrebø (1951:173): “Mest innverknad fekk tysk på tala vest og nord i landet.” Vestlege delar av Ytre Agder høyrer klart med til det området Indrebø omtalar. Det er også naturleg at kystbygdene tok imot mest språkgods frå utlandet. Det var folk som budde ved kysten som hadde mest samband med handelsmennene sør- og vestfrå.

## 2 Handelssamband mellom Ytre Agder og utlandet – “Hollendartida”

Midt på 1500-talet tek hollendarane, frisarane, engelskmennene og skottane over som handelspartnarar på Agder, og slik var det heilt fram til slutten av 1700-talet. Trafikken som oppstod mellom folk på Agder og dei utanlandske kjøpmennene var ganske enorm. Heile Agder-kysten frå Risør til Flekkefjord var med på dette handelseventyret. Vest på Agder var det samkvæmet med *hollendarane* som blei særleg viktig. Hollendarane kom til landsdelen for å kjøpa trelast og tømmer. Særleg var den sørlandske eika ettertrakta på grunn av den verdien ho hadde som byggjemateriale for hus og for den store hollandske flåten. Men hollendarane kjøpte òg ferdigbygde båtar. Mykje eikemateriale blei også bruka som pålar under hus i Amsterdam. (Rådhuset i Amsterdam står på 15000 pålar frå Noreg.) I tillegg til trelast og ferdigbygde båtar var hollendarane interesserte i å kjøpa fleire varer nordmennene hadde å selja, slikt som huder, skinn, mose til farging, smør, talg, ull og fisk. Til og med levande kyr og hestar blei ført over havet frå sørlandsbygdene. Ved til brennstoff blei tatt med i båten så sant denne kunne staplast på toppen av den andre lasta (jf. Sogner 1996:188).

Dei hollandske skipa som kom til landet, hadde også med seg mange varer som nordmennene kjøpte eller bytta til seg. I særleg grad gjaldt dette matvarer: Korn, salt, sild, ost og krydder. Fleire nytteprodukt, som kork og jernvarer, hadde sjøfararane òg med seg til Agder-kysten, seinare òg mur- og teglstein. Av meir luksusprega ting som hollendarane kom med, var leirkrukker, steintøy og all slags fajanse; vidare sølv, tekstilar av ulike slag og farge, gjerne raude tøystoff og blå hattar. Hollandske møblar (m.a. fine skatoll og kister) var også populære. Tobakk og krittpiper kom til landsdelen vår gjennom hollendarane. I tillegg må

nemnast “det som var flytande”, det var mykje drikkevarer som blei løfta over skipssida i desse åra, både vin, brennevin og hollandsk øl (jf. Lillehammer 2001:20 og Søgner 1996:188).

For det meste føregjekk fraktefarten mellom Noreg og Holland med hollandske skip, men det var òg nokre bønder i området som eigde skip og “drev ikke så lidet skipsfart” (Bugge 1925 II:136).

At det var mykje liv og røre på 1500-talet i denne landsdelen, skjønar me av at det i 1549 kom opp framlegg om å få til ein kjøpstads i Lister len (Bugge 1925 II:135).

I bygdeboka for Kvinesdal har Ånen Årli eit eige kapittel om “Utvandringa til Holland” (Årli 1972:137 f.). Han fortel at mange folk frå Agder-kysten reiste til Holland for å ta seg arbeid. Han viser til gamle skiftebrev der det kjem fram namn på 26 gardar i Kvinesdal som folk har reist frå til Holland. Nokre kom aldri tilbake til heimbygda, medan andre vende heim etter å ha tent seg opp pengar i det framande landet. Årli seier at “dette sette djupe merke etter seg i Kvinesdal. [...] Hollandsfarten må ha sett merke på bygdelivet i mest 200 år” (s. 137–139). Njål Vere skriv i *Listamålet* (bd. I, 1993:26) om “Hollendertida”: “Ein kan mest samanlikna det med seinare Amerika-fart. [...] Det heitte seg på Lista at mest i kvart hus hadde dei familie i Holland.”

Eit særtrekk ved utvandringa til Holland må nemnast spesielt. Det gjeld dei svært mange unge mennene frå Agder som tok seg hyre på hollandske skip. Eventyrlysten drog nok mange ut. Men for dei fleste var motivet for utreisa å tena seg opp pengar slik at dei kunne ta over gardsbruket heime. Hyrene på dei hollandske båtane var jamt over mykje høgare enn på dei norske. Ein annan faktor som også verka med når det gjaldt interessa for å gå inn i sjømannsyrket, var frykta for å bli innkalla til teneste i den felles dansk-norske marinjen. Mange unge menn blei etter kvart kommanderte til slik teneste. Dette var ein plikt dei innrullerte såg på med stor ulyst. Gamle dokument fortel at mange innrullerte frå Lister og Mandal rømde til Holland under Den store nordiske krigen (Sætra 2001:77). Dei unge jentene som reiste ut, tok seg for det meste arbeid som hushjelper i Holland, jf. nedafor.

Eg vil litt tilbake til handelen med hollendarane (og frisarane). Denne handelen var så utbreidd og livleg at denne tida har fått ei særstilling i egdene sitt medvit. “Hollendartida” har blitt eit omgrep for folk på Agder. Jamfør også at Flekkefjord den dag i dag har sin “Hollendarby”, ein bydel med smale gater og særprega byggjestil på husa.

Arvid Lillehammer er mellom dei som har skrive om samhandelen mellom Agder og Danmark, Holland og Skottland (Lillehammer 1997 og 2001). Noko av det mest interessante hjå Lillehammer er drøftinga hans av kva *form* kontakten mellom kjøpar og seljar hadde. Han meiner at omgrep som “Hollendartida” på Agder og “Skottetida” i Ryfylke knapt dukkar opp bare fordi desse nasjonane var dominande innafor kvart sitt område. “Eg vil tru at dei også dukka opp på

grunn av den forma handelen lenge hadde, fordi dei framande skipperane i lang tid kom i direkte kontakt med bøndene, med ålmugen” (Lillehammer 1997:25). I følgje Lillehammer oppstod det nær kontakt mellom oppkjøpar og seljar, mellom hollandske, skotske og danske skipperar og norske bønder. Ein slik direktekontakt er viktig å ha i minne når ein skal forklara den språklege påverknaden frå hollendarane. Samkvæmet mellom Holland og Agder heldt fram til langt ut på 1700-talet.

### *2.1 Vest-Agder skil seg ut*

Sølvi Sogner fortel i artikkelen “Tjenestejenter til Holland” (1998) om korleis jenter frå Sørlandet fekk seg arbeid som tenestejenter og hushjelper i Holland.

Sogner har studert kjeldemateriale i Amsterdam, m.a. lysingsprotokollar for ekteskap og medlemslister for lutherske trussamfunn i åra 1601–1800. Ho fann at det i Amsterdam i dette tidsrommet blei registrert i alt 11557 bruder og brudgommar frå Noreg. Av desse utgjorde dei frå Lister og Mandal amt totalt 4946, dvs. 43 % av alle registrerte! Heile 55% av alle registrerte norske kyrkjelyds-medlemmer i Amsterdam i denne perioden var frå Lister og Mandal. Sølvi Sogner seier: “Emigrasjonen fra Vest-Agder, eller Lister og Mandals amt, som det het den gang, var helst spesiell. De fleste migrantene til Holland kom derfra” (Sogner 1998:25). Vestlege delar av Vest-Agder skil seg også ut på den måten at kvinneandelen av utvandrarane var særleg stor i dette området (jf. òg Hodne 2001:38, 45).

Hollandsfararane tilførte kystbygdene på Agder kjærkomne midlar, slik amerikafararane seinare skulle gjera det. I mest to hundre år var gardbrukarane og ei stadig veksande befolkning i desse bygdene avhengig av inntekter frå Holland.

## **3 Hollandsk språk til Noreg**

Det nære sambandet mellom egdene og hollendarane sette spor etter seg i språket på Agder, slik det nedertyske hansaspråket påviseleg gjorde det på 1300- og 1400-talet. Sjølv meiner eg at hopehavet mellom Sørlandet og Holland har vore med på å fasthalda dei tidlegare innlånte nedertyske orda frå hanseatida (sidan det hollandske språket var så likt det språket hanseatane brukte). I tillegg har mange hollandske ord kome til i denne perioden fram mot slutten av 1700-talet. Dette er grunnen til at det i talemålet på Agder, særleg langs kysten, synest vera fleire nedertyske lånord i bruk enn i mange andre stader i landet.

### *3.1 Interessante lånord kjem inn i dialekten*

Mykje av Agder høyrer til det sørlandske dialektområdet som har ”blaute konsonantar”, dvs. overgang frå *p, t, k* til *b, d, g* i stilling etter vokal, jf. døme som: *ei piba, å eda* (eta), *å baga* osb.

Ein del ord skil seg likevel ut ved ikkje å ha blaute konsonantar; dei har halde

på *p, t, k* der me skulle ha venta overgang til *b, d, g*. Nokre av desse orda kan berre forklarast som lån frå nedertysk eller hollandsk. Orda må vera innlånte etter at den sørlandske prosessen med overgang til ”blaute konsonantar” var avslutta. Døme på dette er: *eit prat, å prata* ‘prata, snakka’ (frå nedty.), *å pruta* (frå nedty.), *ei fauta* ‘ei fuge’, ”*ikkje i fautan*” ‘ikkje i form’ (frå nedty.), *ein døyf* (frå holl.), *kaut* adj. ‘kry’ (tyder ’triveleg’ i holl.), *ein kaper* (frå holl.) (væpna privatfarty), *staut* adj. (frå holl.), *ei sjøyta* ‘ei skøyte’ (frå holl.), *ein sprøyt, å sprøyta* (frå holl.) (jf. elles Frestad 1991:178f.).

### 3.2 Andre ord frå hollandsk

Bram de Boer (2002) nemner desse orda i norsk frå nederlandsk: *akterut* (holl. “acheruit”, “achteruitrijden” = ‘bakoverkøyre, rygge’), *baugspryd* (holl. “boegsprijet”; “spret” = stake), *spant* (= ‘innvendig ribbe i båt’), *vant* (holl. “want” = tauverk), *bramseil* (holl. “bramzeil”), *malstrøm* (holl. “maalstroom”). Hollandsk *malen* svarer til norsk *male* = knuse), *klinker* om murstein (= klingande murstein; når steinen blir delt i to), *papp* (holl. “pap” = grøt), papp blir laga av grautaktig papirmasse. De Boer nemner også *fartøy*, *kahytt*, *hyre*, *vindås* og *kyst*. Her nedafor følgjer elles eit utval av andre ord som eg har plukka ut frå databasen til *Nynorskordboka*. Det gjeld ord som alle er oppførte med opphav i hollandsk. Ein del av orda er omlaga i form og tyding. Nokre av orda har opphav i fjernare språk, men har kome til oss gjennom hollandsk:

*appelsin* (eig. flamsk “appelsien”, holl. i dag: “sinaasappel”), *å balera* (‘trampa, ståka’), *bambus* (eig frå malayisk “bambu”), *bas, bederva, bengel, bestefar* og *bestemor* (holl. i dag: “grootvader” og “grootmoeder” i skrift, “opa” og “oma” i talemålet), *bestikk, bever, å brasa, bus, børs, drill, døyf, edamer, eddik, filibuster* (ei spansk-porugisisk omlaging av holl. “vrijbuiter”, ‘fribytтар’), *forsuffa* (‘forfjamsa’), *å fortona (seg)*, *frakt, gauda* (frå Gouda = bynamn), *gut, å heisa, kalkun, kaut, å knabba, komfyre, kvakksalvar, kvalross, å kvesta, lubben* (holl. “lobbig”. ‘romsleg’), *lurendreier, løyert, å mangla, å mankera, nikkers* (frå “knickerbockers”, amerikansk nemning på nederlendarane i USA på 1600-talet, eig. hollandsk familienamn: Knikkebakker), *nøkkelost* (etter nøklane i Leidens byvåpen, prenta på østen), *palme, passiar* (eig. malayisk “bicara”, holl. “pitsjaren”), *å pelma, platting, å rappa, singel* (småstein), *sjaber, sjenever, å skaffa, å skeisa, å skofta, å skolera, skøyar, å skøya, slitasje, å sprøyta, å spyla, stillas, å svaia, tralt, vaterpass* og vatt m. fl.

### 3.3 Ord frå sjømannsyrket

Eg nemnde ovanfor korleis dei unge egdene i stor grad lærte det ”moderne” sjømannsyrket av hollendarane. På bakgrunn av dette er det ikkje merkeleg at mange av dei orda våre som er knytte til sjømannslivet, har opphavet sitt i hollandsk. Eg har alt nemnt ein del slike ord. Her er fleire:

*akter, anker, bakk, baugspryd, bedding, bramrigg, bris, å buksa, båtsmann, certeparti, cruise, dekk, dis, dokk, dregg, dørk, fallreip, farty, farvatn, fokk, å forhala, forlis, å forlisa, å fortøya, frakt, harpun, å heisa, ein hyling (ugreie på fiskegarn), jagar, jakt, å jibba, kai, å kantra, kaper, kjetting, å kjølhala, klyver (trekanta stagsegl), korvett, kryssar, kuling, køy, laber, lekkasje, å lensa, matros, orkan, orlog, å overhala, passat, å peila, å praia, reiar, reling, ropert, ruff, sjau, å skalka, skøyte, å slingra, slupp, spant, å spleisa, stropp, å svaia, talje, tokt, trinse, utkikk, vasspege, vaterbord (planke ytst i skipsdekket), vimpel, vrak og yacht m. fl.*

### 3.4 Sørlendingane kjenner hollandske ord

I samtalar med egder om språk og kultur har det ofte kome opp ord som informanten meiner har opphav i Holland. Det gjeld ord som *allgodt* adj. ('sikkert'), *ankerasje* subst. ('ankerplass'), *beje* v. ('gje opp', "vil du beje?"), *bekomst* subst. ('det ein fortener'), *bomse* subst. ('stor kvinne', og nemning for ein bestemt båttype i hollandsk), *dandera* v. ('stella til, pynta'), *flensje* subst. (i hollandsk: 'ei lita kake av pannekakerøre'), *nå forbaser det* ('det går for langt'), *hautenhaler* subst. ('energisk person, våghals'), *holk* subst. ('dårleg båt'), *kapseisa* v. ('kanta'), *lappsalva* v. ('setja inn tauverk med tjøre'), *maskepi* subst. ('intrige'), *pøs* subst. ('bøtte'), *remedie* subst. ('saker og ting', frå latin, gjennom hollandsk), *spons* subst. ('propp til ei tønne'), *søsterkake* subst. (bestemt kake frå Holland).

Interessant hadde det vore å leita opp alle ord i norsk som har kome frå hollandsk. I ei slik gransking ville det truleg vore fruktbart å dela inn ordmassen i semantiske grupper, dvs. sakgrupper som t.d. "mat og drikke", "utstyr i huset", "kunst og kultur", "sjømannsskap" osb., slik eg ser det er gjort av Torben Arboe Andersen i arbeidet med lån frå lågtysk til jysk (jf. Andersen, T.A. 1995).

### 3.5 Lån av faste uttrykk

Mange faste uttrykk i språket har kome frå nedertysk og hollandsk. Døme er: *akta og æra* (= nedty. *achten, eren*), *gå over styr* (= holl. *overstuur gaan*), *stikka i brann* (holl. *in brand steken*), *spott og spe* (= nedty. *spott un spee*), *rubb og stubb* (= nedty. *rump un stump*), *ditt og datt* (= nedty. *dit un dat*), *hulter te bulter* (= nedty. *huller de buller*), *reie pengar* (= nedty. *rêden penningen*), *på lykke og fromme* (= nedty. *vrômen*), *til punkt og prikke* (= nedty. *tô pricke*), *pikk og pakk* (= nedty. *pak*), *basta og binda* (= nedty. *basten*), *velja og vraka* (= nedty. *wraken*), *koma i beknip* (= nedty. *in beknip komen*), *koma i stand* (= holl. *tot stand komen*), *ta til ekte* (= nedty. *tô êchte nemen*) m.fl. (jf. Naumann 2000: 95 f.).

## 4 Konstruksjonen "han sin" og "henna sin" i dialekten

Eit svært sentralt grammatisk fenomen i dialektane på Agder er genitivsomskrivning med refleksivt eigedomspronomen. Det gjeld typen: "dæ æ *Ola sin* hest"; "æ

dæ *Kari sin kjole?*"; "dæ æ *hans sin båt*"; "dæ ø *henna sin katt*" osb. Det er semje mellom språkforskarane om at denne konstruksjonen har opphav i det neder-tyske og hollandske språket (jf. Torp 1973:131–133). *Sin*-genitiv blir i dag ikkje brukt i skriftleg og formell nederlandsk, men er vanleg i talemålet. Ordet "zijn" på hollandsk betyr 'hans', så det har skjedd ei omtolking i norsk pga. lydlikskap.

Ein legg merke til at det mest utprega norske "sin"-området finn ein i dialektane vest på Agder. I eit område i vestre Vest-Agder og sørlege Rogaland har konstruksjonen også trengt inn som genitivsomskriving ved personlege pronomen, typen: *han sin, henna(r) sin, ho sin* osb. Det geografiske kjerneområdet for "sin"-konstruksjonen på Agder fell saman med det området der samkvæmet med hollendarane var særleg sterkt på 1500- og 1600-talet. Dette underbyggjer min teori om at hollendarane, forutan å bidra med sine eigne ord og uttrykk til dialektane, også styrkte den tidlegare nedertyske språkpåverknaden i hansatida i dei områda der hollendarane etablerte seg med handel. Dei mange hollandske lånorda og mykje bruk av genitivsomskriving med *sin* er etter mitt syn eit resultat av dette.

## 5 Namneskikk frå Holland

Frå 1600-talet og utover merkar me at det kjem inn ein del hollandske og tyske personnamn i egdemåla. Tidleg på 1600-talet heitte dei fleste mennene her *Anders, Ola, Arne, Halvor, Ånun, Torgeir, Jon, Tobias, Tallak* osb. På 1600- og 1700-talet kjem det inn namn som *Arnt, Adrian, Bertel, Bernt, Cornelius, Claus, Didrik, Evert, Hans, Hermann, Jan, Laurits, Reinert, Vollert, Villum, Valter, Verner, Teis* m.fl. Kvinnenamna endrar seg også: *Anna, Sigrid, Guri, Ingrid* og *Åse* får nå konkurrentar i namn som *Alida, Amalie, Berte, Bertine, Alette, Emma, Gesine, Gunda, Henrike, Hansine, Juliane, Jørgine, Katrine, Susanne* m.fl.

## 6 Hollandske uttrykk som skildrar "nordmannen"

I det hollandske språket har det funnest ein del uttrykk der den norske "veremåten" blir trekt fram for å karakterisera ein person. Sølvi Sogner (1996:194) nemner ein del slike hollandske uttrykk: "Hij kijkt als een bok uit Noorwegen" ('han glaner som ein geitebukk frå Noreg'), "De duivel voere hem naar Noorwegen" ('måtte djevelen ta han til Noreg'), "Hij slacht de Noorman: hij kan niet beloven en houden' (eldre språk, tyder: 'han slektar på nordmannen, han kan ikkje halda ein lovnad.') Verbet "slachten" tyder i dagens hollandsk 'å slakta', og nemninga "Noormann" blir i dag bare bruka om vikingane; moderne nordmenn heiter "Noren", eintal "Noor")., "Dat is een zoet lief beestje, zei Pieter de Noorman, en hij zag een platluis" ('det var eit søtt lite dyr, sa nordmannen då han såg ei flatlus'), "Hij bromt als een Noorse beer" ('han knurrar/brummar som ein norsk bjørn'), "Men zou eerder met een lekke schuit naar Noorwegen varen" ('eg ville heller segla til Noreg med ein båt som var lekk').

Dersom ein skal ta desse uttrykka på alvor, så stod ikkje nordmennene så "høgt i kurs" hjå hollendarane. Men uttrykka fortel i alle fall om nær kontakt mellom dei to landa.

## 7 Etterord

Eg har i denne artikkelen peika på nokre særdrag i Agder si historie, og då særleg den historia som gjeld dei vestlege bygdene i landsdelen vår. Eg har prøvd å få fram nokre av dei kulturelle impulsane egdene tok med seg frå framande land. I hovudsak har eg teke for meg sambandet med Holland på 1600- og 1700-talet. Men det er to andre viktige utferdsperiodar eg ikkje har nemnt. Det gjeld for det første stordomstida for seglflåten i dei to fylka utover på 1800-talet. Kontakten med andre land og kulturar har såleis Agder hatt i lange tider. Fleire generasjonar mottok formande inntrykk frå Holland frå 1500-talet og framover (og seinare frå USA).

Egdene har såleis alltid vore eit folkeferd med andletet vendt mot havet. Historikaren Bjørn Slettan (1998: 255) viser til Vilhelm Krag, som meiner at vår kontakt med andre land og folkegrupper har blitt altfor lite påakta som ei viktig kulturell ballast. Krag sa det slik (i *Tidens Tegn* 1917): "Vi sørlandinger har været fattige og forurettede og forglemte altfor lenge (...) enda vi har havet udenfor og derfor hele verden til nærmeste nabo" (her sitert etter Andreassen 1994: 52).

## 8 Litteratur

### Ordbøker:

*Nynorskordboka* 1993 = *Nynorskordboka. Definisjons- og rettskrivingsordbok*, redigert av Hovdenak, M., Killingbergtrø, L., Lauvhjell, A., Nordlie, S., Rommetveit og M., Worren, D. Oslo: Det norske samlaget.

### Annan litteratur:

- Andreassen, Jostein 1994: *Begrepet Sørlandet : en historisk oversikt*. Søgne: J. Andreassen.
- Andersen, Kåre A. m.fl. 2001: *Kontakten mellom Agder og Holland på 1600- og 1700-tallet*. (= Seminarrapport, Flekkefjord Museum 30. juni – 1. juli 2000.) Flekkefjord: Flekkefjord Museum. 2001.
- Andersen, Torben Arboe (1995): Niederdeutsche Lehnwörter in jüdischen Dialekten. I: Braunmüller, Kurt (red.) 1995.
- Braunmüller, Kurt (red.) 1995: *Niederdeutsch und die skandinavischen Sprachen II*. Heidelberg: C. Winter.
- Bugge, Alexander 1925: *Den norske trølasthandels historie*, bd. I-II. Skien : Fremskridts boktrykkeri.
- de Boer, Bram 2002: Norsk-nedlandske lånord og faslke venner . I: *Språklig samling* 2/2002. 3–7.

- Frestad, Randi Lohndal 1991: *Lydverket og formverket i Lista-målet. Utviklinga i dette hundreåret* (uprenta hovudoppgåve). Universitetet i Bergen.
- Hodne, Kåre Oddleif 2001: Utvandringen til Nederland. Hovedlinjer og særtrekk. I: Anderssen, Kåre A. m.fl. 2001. 37–59.
- Indrebø, Gustav 1932: *Nynorsk og bokmål*. Bergen: Lunde.
- Indrebø, Gustav 1951: *Norsk målsoga*. Utgjeve av Per Hovda og Per Thorson. Bergen.
- Jahr, Ernst Håkon (red.) 2000: *Språkkontakt – Innverknaden fra nedertysk på andre nord-europeiske språk*. København: Nordisk Ministerråd. [Findes ikke i teksten] [Sjå Naumann nedanfor]
- Lillehammer, Arnvid 1997: Trelastutførsel til Holland, Skottland og Danmark. I: Slettan, B. (red.): *Skogbrukspolitikk og trelasthandel. Ei artikkelsamling*. (= Skriftserien ved Høgskolen i Agder 20/1997.) Kristiansand: Høgskolen i Agder.
- Lillehammer, Arnvid 2001: Skottar og hollendarar på Agder- og Rogalandskysten. I: Anderssen, Kåre A. m.fl. 2001. Flekkefjord: Flekkefjord Museum. 4–24.
- Naumann, Hans-Peter 2000: Lågtysk fraseologittransfer: Strukturer och modeller. I: Jahr, E.H. (red.) 2000. 95–110.
- Sandøy, Helge 2000: *Lånte fjører eller bunad? Om importord i norsk*. Oslo: Landslaget for norskundervisning LNU / J.W. Cappelens Forlag A/S.
- Skjekkeland, Martin 1999: *Tysk-danske lånord i nynorsk og i bygdemåla*. (= Forskingsserien ved Høgskolen i Agder 16/1999.) Kristiansand: Høgskolen i Agder.
- Slettan, Bjørn 1998: *Agders historie 1840-1920*. Kristiansand: Agder historielag.
- Sogner, Sølvi 1996: Popular contacts between Norway and the Netherlands in the early Modern Period. I: Juliette Roding and Lex Heerma van Voss (red.) (1996): *The North Sea and Culture (1550-1800)*. Proceedings of the International Conference held at Leiden 21-22 April 1995. Hilversum/Verloren 1996. 185–198.
- Sogner, Sølvi 1998: Tjenestejenter til Holland. I: *Vår barndoms have*. (= Årbok for Vest-Agder fylkesmuseum.) Kristiansand: Vest-Agder fylkesmuseum. 22–35.
- Sætra, Gustav 2001: Norske sjøfolk i hollandsk tjeneste. I: Andersen, Kåre A. m. fl. 2001. 74–82.
- Tidens Tegn* (dagsavis). 1910 til 1941. Redigert av Olaf Anton Thommessen. Oslo.
- Torp, Arne 1973: Om genitivsomskrivinger og -s-genitiv i norsk. I: *Maal og Minne* 1973. 124–150.
- Torp, Arne 1982: *Norsk og nordisk før og nå*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Torp, Arne 1998: Praat je Nederlands? I: *Språknytt* 2/1998. 10–13.
- Vere, Njål 1993: *Listamålet*, bd. I. Lista: Eige forlag.
- Årli, Ånen 1972: *Kvinesdal. Ei bygdebok*, bd. III. Kvinesdal: Kvinesdal kommune.

Martin Skjekkeland  
 professor i nordisk språkvitskap, f. 1943  
 Universitetet i Agder (University of Agder)  
 Institutt for nordisk og mediefag  
 Serviceboks 422  
 NO-4604 Kristiansand  
 martin.skjekkeland@hia.no

